

## Møtereferat etter møte styringsgruppa 15.2 2017 kl 13:00-15:45

**Til stades:** Oddvar Grøthe, Janne Brøndbo, Odd Holde, Gunn Berit Nergård, Borghild Moen og Odd Magne Anderdal. Kjell Erik Skølt var til stades som observatør. Teknisk sjef Ola Frogner var med på delar av møte.

### Tema til møte:

1. Ytterlegare økonomisk vurdering av dei 3 ulike modellane. Sentralskule HBU og idrettsplassen, samt alternativ 3. Nybygg for 1-5 skulesteget på idrettsplassen. 6 -10 klasse vert flytta på seinare tidspunkt.
2. Utvidingspotensiale ved dei ulike modellane.
3. Tålegrense for låneopptak.
4. Trygde og omsorgsbustadar, bygdaheimen. Behov og plassering av dette.
5. Behov og plassering av Helsetenestene.

Leiar eigedom Odd Magne Anderdal og oppvekstsjef Gunn Berit Nergård gjennomførte ein presentasjon av dei ulike modellane jamføre punkt 1. Dette med utgangspunkt i høve investering og driftsmessige skilnader mellom modellane. Sentrale punkt er:

- Investering/kostnadmessige skilnader skulebygg, barnehage og gymsal/idrettshall.
- Grunnkjøpbehov, inklusive vurderingar rundt landbruksareal.
- Parkeringsplassbehov
- Trafikkmessige utfordringar. Teknisk sjef Ola Frogner deltok og orienterte her.
- Driftsskilnader i høve økonomi eigedom.
- Driftsskilnader i høve økonomi og den daglege drifta for oppvekstsektoren.

Gruppa skal arbeide vidare med dette i neste møte. Fyrst og fremst vidare arbeid i høve parkering og trafikkmessige utfordringar, samt skilnader innan drift.

Leiar eigedom presenterte ein oversikt over arealbehov/løysingar på dei ulike modellane jamføre behov i dag og år 2040, samt seinare utvidingspotensiale.

### Tema neste møte:

Vidare arbeid med punkt 1-2 etter sist møte, samt oppstart av punkt 3-5 om tida trekk til her.

1. Ytterlegare økonomisk vurdering av dei 3 ulike modellane. Sentralskule HBU og idrettsplassen, samt alternativ 3. Nybygg for 1-5 skulesteget på idrettsplassen. 6 -10 klasse vert flytta på seinare tidspunkt.
2. Utvidingspotensiale ved dei ulike modellane.
3. Tålegrense for låneopptak.
4. Trygde og omsorgsbustadar, bygdaheimen. Behov og plassering av dette.
5. Behov og plassering av Helsetenestene.

Odd Magne Anderdal

Referent